

Møtet vart helde torsdag 13. august kl. 13:00-15:00, på møterom 425, Vektergården, Christiesgt. 13.

Medlemmar til stades

Gruppe A: Rune Krumsvik, Astrid Tolo, Hanne Riese, Bjarte Furnes

Gruppe B: Kjetil Egelandstal

Gruppe C: Kåre Helleve

Gruppe D: ingen

Forfall: Steinar Bøyum, Ingunn Johanne Ness

Observatørar: ingen

Sekretær: Øystein Steine Larsen

REFERAT:

I	2015/373	GODKJENNING AV SAKSLISTE Sakslista vart godkjent.
II	2015/373	GODKJENNING AV REFERAT Referatet frå møtet 8. juni 2015 vart godkjent på sirkulasjon i forkant av møte.
III	2015/373	ORIENTERINGSSAKER 1. SLATE: Nasjonalt fagmiljø for læringsanalyse. Status. 2. Personalsituasjonen IPED haust 2015. Status
	2015/3047	DISKUSJONSSAKER 1. Innspel strategiplan fakultetet – diskusjon om innhald og om vidare saksgang fram til frist 28. august: <i>Institutttrådetts medlemmar vart samde om å sende høyringa ut til alle tilsette ved IPED med frist for innspel mandag 24. august. Medlemmene i institutttrådet får dernest oversendt alle innspela, og på bakgrunn av innspel og diskusjon slutfører instituttleiinga høyringsinnspelet innan fristen 28. august. Hjelpespørsmåla frå fakultetet blir vedlagt utsendinga, i tillegg til følgjande spørsmålet frå institutttrådet: «Får me som institutt kjensla av at me er representert gjennom teksten, eller blir dette vanskeleg i og med at fakultetet sitt namn ikkje dekker instituttet sine primære fagområde?»</i> Rådet tek orienterings- og diskusjonssakene til etterretning.
Sak 10/15	2015/6520	Budsjettinnspel 2016 fra IPED Vedtak: Institutttrådet godkjenner det førelagte utkastet til budsjettinnspel med dei korrigeringar og endringar som ein vart samde om i møtet. Instituttleiinga slutfører teksten i budsjettinnspelet på bakgrunn av endringane ein vart samde om.
Sak 11/15	2015/394	Møtedatoar institutttråd IPED haust 2015

		Vedtak: Følgande møtetidspunkt vart satt for instituttråd ved IPED haust 2015: Onsdag 14. oktober kl. 13-15 Onsdag 11. november kl. 13-15 Måndag 14. desember kl. 13-15
		Eventuelt 1. ingen saker

Rune Krumsvik
Instituttleiar

Øystein Steine Larsen
Sekretær